

Referat frå styremøte i Fogn grenadalag 21.04.16

Dato: 21.04.16 kl. 20.00

Sted: Fogn Oppvekstsenter

Tilstades: Kristoffer Østhus, Kathrine Flesjå Østhus, Merete Meling Kindingstad, Arnstein Bøe, Joar Sandanger, Harald Bøe og Håvard Østhus

Forfall: Ingeborg Bøe Rolfsen og Arne Straumstein

Sak 1:

- Konstituering av styret
 - Kristoffer Østhus - leiar (valt av årsmøtet)
 - Merete Meling Kindingstad – Kasserar
 - Håvard Østhus – Sekretær, ansvar for referat
 - Kathrine Flesjå Østhus – Sekretær, ansvar for innkalling
 - Joar Sandanger – Styremedlem
 - Harald Bøe – Styremedlem
 - Arnstein Bøe - Styremedlem

Sak 2:

- Evaluering av årsmøtet
 - Folk verkar stort sett godt nøgde med innlegget til Frank Pedersen frå Gledesfabrikken. Fleire har sagt at det var kjekt å høyra noko litt «annleis».
 - Det var få som møtte opp, og fleire har sagt at årsmøtet ikkje var gjort godt nok kjent. Til neste år vil vi prøve å gjere årsmøtet betre kjent mellom anna gjennom infoskjermen på butikken. Vår vurdering er at lappar i posten vert for dyrt.
 - Vi er godt nøgde med den jobben som valnemnda hadde gjort. Vi ser likevel at det gjerne er behov for å skifte ut fleire av styremedlemmene kvart år, slik at fleire av Fognbuane får høve til å vere med i grendalagsstyret. Fleire av dei som sit i styret no, signaliserer at dette er deira siste periode.
 - Merete har ferdigstilt protokollen og fått denne signert av Ole og Oddbjørg.

Sak 3:

- Prosjektor – lerret i gymsalen
 - Det er behov for eit opplegg i gymsalen knytta til framsyning av bilete, video og presentasjonar. Dette må vere noko som både fungerer godt, og som også kan nyttast av så mange som mogleg (ikkje store krav for å kunna nytta dette).

- Arnstein har sikra 15-20 000 kroner til prosjektet frå 17. maikomiteen, helselaget og kanskje Speidaren.
- Håvard har forfatta eit skriv til det gamle prosjektet «Fogn grendahus» v/ Jostein Østhush i forhold til at dei pengane som framleis ligg igjen i dette prosjektet som aldri vart realisert, kan nyttast til dette nye formålet.
- Arnstein og Håvard arbeider vidare med denne saka, og har mandat til å bruka det dei evt. klarar å få tak i av pengar.

Sak 4:

- Ymse
 - Ny asfalt på Fogn?
 - Det går «rykter» om at det skal leggjast asfalt rundt store deler av øya i løpet av våren og sommaren. Kristoffer kontaktar kommunen for å få bekrefta eller avkrefta dette.
 - Visning av Fogn
 - Dette kom opp som ei sak på årsmøtet. Vi ser at dette kan vera ei god sak, men som treng ein del planlegging. Vi tek dette opp som ei eiga sak på neste styremøte. Fram til då kan vi gjerne høyre om det er nokon utanfor styret som er gira på dette, og kan tenkja seg å vera med i ein form for komité eller liknande.
 - Småbåthamn i Eidsvåg
 - Eit ynskje for mange som vurderer å flytte til Fogn, eller å få seg hytte her, er båtplass. Grendalaget ynskjer å utrede moglegheiten til å få til ei småbåthamn i Eidsvåg. Slik vi ser det, kan grendalaget bidra med følgjande i denne prosessen:
 - Kommunen må kontaktast for å høyre om det kan koplast ei flytebrygge på den kommunale kaien.
 - Arnstein har laga eit utkast til eit brev, som Janne igjen har redigert og laga eit nytt forslag på.
 - Arnstein og Håvard ser nærmare på dette og prøver å forfatta eit skriv til kommunen.
 - Dersom kommunen er positiv, kan vi kalla inn til eit folkemøte der ein evt. ny båtforening kan konstituerast.

Sak 5:

- Ferjeruter – Jon Olav og Ole informerer
 - Saka om nye ferjeruter vart utsett då fylket behandla denne i førre veke.

- Det er mange som arbeider for at det framleis skal vere to daglege anløp til Foldøy. Samstundes vert det arbeida for fleire anløp av Helgøy. Dersom begge desse ynskja vert innfridd, vil dette gjerne gå ut over anløp til Fogn.
- Vi må ikkje snakke ned dei andre, men heller snakke fram oss sjølv og peike på kvifor vi framleis må ha god frekvens.
- Dersom ferjesambandet i Jøsenfjorden kunne teke dei to anløpa av Foldøy, ville dette krevd to timer av sambandet. Dersom Finnøysambandet skal ta dette, vil det kreva seks timer av sambandet (om lag 33% av kapasiteten til ei av dei to ferjene).
- Vi ynskjer oss sjølvsagt fleire anløp og «betre» ferjeruter, men det viktigaste er at vi i alle fall ikkje får dårlegare tilbod enn det vi har i dag.
 - Kristoffer avtalar eit møte med ordføraren tidleg neste veke og prøver å få han til å ta dette vidare opp til fylkespolitikarane. Frå styret møter Kristoffer og Arnstein. Dersom ordføraren ikkje kan møte før seinare i veka, får Kristoffer med seg Håvard.

Møte slutt omlag klokka 22.15

Ref: Håvard Østhushus